



Etter adresseliste

Innkalling til konstituerande møte for nasjonalparkstyret for Reinheimen og tilhøyrande verneområde - Møre og Romsdal og Oppland fylker

Fylkesmannen i Møre og Romsdal kallar med dette inn til konstituerande møte i nasjonalparkstyret for Reinheimen nasjonalpark, Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde, Trollstigen landskapsvernområde, Romsdalen landskapsvernområde, Lordalen landskapsvernområde, Finndalen landskapsvernområde, Ottadalen landskapsvernområde og Brettingsmoen naturreservat i Møre og Romsdal og Oppland fylker.

Tid: 6.3.2013 kl. 10.00 – 15.00
Stad: Grand Hotel Bellevue, Åndalsnes

Dersom eit medlem ikkje kan stille, ber vi om at medlemmet sjølv varslar personleg vara.

Medlemar i nasjonalparkstyret får møtehonorar etter staten sine satsar og får dekt reise etter statens reiseregulativ.

Vel møtt!

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
seksjonssjef

Geir Moen

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

1. Dagsorden og sakliste.
2. Saksframlegg sak 4,5,6 og 9
3. Adresseliste

VEDLEGG 1: DAGSORDEN OG SAKLISTE

- Velkomst og innleiing
- Presentasjon av nasjonalparkstyrets medlemar.

Fylkesmannen leiar møtet gjennom første sak. Styrets leiar overtek møteleiinga deretter.

Sak nr.	Innhald
	Saker til behandling
1/2013	Konstituering av styret og val av leiar og nestleiar (vedtakssak)
2/2013	Val av to representantar til å skrive under protokoll saman med styreleiar (vedtakssak)
3/2013	Gjennomgang av retningsliner frå Miljøverndepartementet, v/ Direktoratet for naturforvaltning (orienteringssak) <ul style="list-style-type: none"> - Nasjonalparkstyrets vedtekter - Nasjonalparkstyrets oppgåver - Opplæringsprogram for styret
4/2013	Styrets sekretariat, v/ Fylkesmannen i Møre og Romsdal (orienteringssak) <ul style="list-style-type: none"> - Tilsetting av nasjonalparkforvaltar - Sekretariatsfunksjon fram til tilsetting av nasjonalparkforvaltar
5/2013	Val av offisielt namn på nasjonalparkstyret (vedtakssak).
6/2013	Arbeidsutval: Nasjonalparkstyret tek stilling til oppretting av arbeidsutval og eventuell samansetjing og arbeidsoppgåver, jf. punkt 5 i “Vedtekter for nasjonalparkstyret” (vedtakssak)
7/2013	Forvaltningsplan for Reinheimen, status og utfordringar i forvaltninga, v/ Trond Stensby (orienteringssak)
8/2013	Statens naturoppsyn – rolle og bestillingsdialog, v/SNO (orienteringssak)
9/2013	Forslag til forvaltningsknutepunkt (vedtakssak)
10/2013	Neste møte og møteplan for 2013 (vedtakssak)
11/2013	Eventuelt

Det blir servert kaffi/te og noko å bite i frå kl. 10.00, og lunsj ca. kl. 12.00.

VEDLEGG 2.**SAKSFRAMLEGG SAK 4, 5, 6 og 9/2013**

4/2013	<p>Styrets sekretariat (orienteringssak)</p> <p>Bakgrunn: I brev av 24.8.2012 skriv statsråden følgjande om pkt. 5 i vedtektene:</p> <p>«Inntil det er tilsett nasjonalparkforvaltar kan sekretæren for Kontaktutvalget for Reinheimen (KUR) inneha funksjonen som sekretær dersom styret finn dette føremålstenleg og vedkomande sjølv ønskjer det. Då sekretæren i KUR alt er tilført midlar frå Direktoratet for naturforvaltning, føreset eg at sekretæren vert lønna av desse midlane inntil nasjonalparkforvaltar er tilsett.</p> <p>Viss det ikkje er ønskelig at sekretæren for KUR innehar rolla som sekretær fram til nasjonalparkforvaltaren er tilsett, skal Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Møre og Romsdal ha delt ansvar for sekretariatet for nasjonalparkstyret i denne overgangsfasen.»</p> <p>Vurdering: Fylkesmennene ser det som mest rasjonelt at sekretæren i KUR innehar funksjonen som sekretær for nasjonalparkstyret i overgangsfasen og vil gå for denne løysinga. Sekretæren har gjeve tilbakemelding om at han ønskjer dette. Det er fylkesmennene som har ansvaret for sekretariatsfunksjonen og tilsett sekretær for styret/nasjonalparkstyret i samråd med styret. Det er naturleg at nasjonalparkstyret kjem med sitt syn/gjev råd om sekretariatsfunksjonen i mellomperioden.</p>
5/2013	<p>Val av offisielt namn på nasjonalparkstyret (vedtakssak).</p> <p>Bakgrunn: Nasjonalparkstyret skal vedta eit offisielt namn som skal brukast som heading på brevmalar o.l., samt nettsida til styret.</p> <p>Vurdering: Nasjonalparkstyret er forvaltningsstyresmakt for 8 verneområde. Alle desse kan ikkje få plass i namnet, som bør være relativt kort. Sidan «Reinheimen» allereie er eit godt etablert namn som også femner om verneområda utanfor sjølve nasjonalparken er «Nasjonalparkstyret for Reinheimen» eit naturleg namn.</p> <p>Forslag til vedtak: Nasjonalparkstyret vedtek at offisielt namn på nasjonalparkstyret skal være: «Nasjonalparkstyret for Reinheimen»</p>

6/2013	<p>Arbeidsutval: samansetjing og arbeidsoppgåver (vedtakssak)</p> <p>Bakgrunn og vurdering:</p> <p>a) samansetjing (vedtakssak)</p> <p>Vedtektene for nasjonalparkstyret for Reinheimen, punkt 5 lyder:</p> <p><i>”Styret kan nedsetje eit arbeidsutval bestående av medlemmar frå styret.</i></p> <p><i>Styret kan gje arbeidsutvalet mynde til å treffe vedtak etter naturmangfaldlova/verneforskriftene i enkeltsaker som ikkje har stor påverknad på verneverdiane. Arbeidsutvalet sitt vedtak skal vere innafør ramma av prinsipp fastsett av styret for dei ulike saksområda i tråd med naturmangfaldlova/verneforskriftene.»</i></p> <p>Formålet med å opprette et arbeidsutval (AU) er at forvaltninga skal skje så effektivt og smidig som muleg. Det er opp til styret å vurdere om det skal nedsettast eit AU.</p> <p>Under sak 1/2013 har styret valt leiar og nestleiar. Det er naturleg at desse to også veljast til AU. Av omsyn til formålet om effektivitet og smidighet bør AU ikkje bestå av for mange medlemmar. Vi tilrår at styremedlemmane foreslår kandidatar på møtet og at det ev. ved behov gjennomførast ei avstemming.</p> <p>b) arbeidsoppgåver (vedtakssak)</p> <p>Bakgrunnen for oppretting av eit AU er at forvaltninga av verneområda skal kunne skje så effektivt og smidig som muleg jf. del a) over. I første omgang er dette særlig viktig når det gjelder behandlinga av søknader om dispensasjon fra verneforskriftene</p> <p>Jf. vedtektene punkt 5 (over) kan styret gje AU myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker som ikkje er av stor betydning for verneverdiane. AU sine vedtak skal vidare treffast innanfor ramma av prinsipp fastsatt av styret for de ulike saksområda i tråd med naturmangfoldlova/verneforskriftene.</p> <p>Forvaltningsplanen for Reinheimen utdjuper dei enkelte dispensasjonsbestemmelsane i verneforskriftene og gir retningslinjer for kva som kan/bør tillates med utgangspunkt i omsynet til verneverdiane og verneformålet for det enkelte verneområdet.</p> <p>Etter punkt 6 i vedtektene kan styret gi nasjonalparkforvaltaren myndighet til å treffe vedtak i alle saker som gjelder søknad om tillatelse etter verneforskriftenes spesifiserte dispensasjonsbestemmelser om ferdsel.</p> <p>På et seinare tidspunkt er det naturleg at nasjonalparkstyret har ein gjennomgang av alle styrets arbeidsoppgåver og kva for oppgåver styret delegerer til AU og nasjonalparkforvaltar.</p> <p>På denne bakgrunnen foreslår vi at styret i første omgang delegerer myndigheten for følgjande sakstyper til AU:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dispensasjonssøknader der det klart framgår av forvaltningsplanen om tillatelse kan/bør gis. Dette omfattar ikkje irreversible tiltak som f.eks.
--------	---

	<p>byggetiltak. (Dvs. at søknader om irreversible tiltak skal handsamast av styret).</p> <ul style="list-style-type: none"> • Søknader om forlenging av dispensasjon frå verneforskriftene, når søkjar er gitt tillatelse tidlegare. <p>Forslag til vedtak:</p> <p>a) samansetjing av arbeidsutvalet: Nasjonalparkstyret oppretter med dette eit arbeidsutval (AU) jf. vedtektenes pkt. 5. AU skal bestå av styrets leiar og nestleiar, samt følgjande styremedlem(ar):</p> <p>b) arbeidsutvalets oppgåver: Nasjonalparkstyret vil vedta nærare retningsliner for AU sine oppgåver innan utgangen av 2013 og ber om at sekretariatet førebur dette.</p> <p>Inntil vidare delegerer styret myndigheten for følgjande sakstyper til AU:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dispensasjonssøknader der det klart framgår av forvaltningsplanen om tillatelse kan/bør gis, med unntak av irreversible tiltak som f.eks. byggetiltak. • Søknader om forlengelse av dispensasjon fra verneforskriftene, når søkjar er gitt tillatelse tidlegare.
9/2013	<p>Forslag til forvaltningsknutepunkt (vedtakssak)</p> <p>Bakgrunn: I brevet frå tidlegare miljøvern- og utviklingsminister Erik Solheim av 14. desember 2009 står det at departementet ville fatte sin avgjerd om lokalisering av forvaltningsknutepunkt mellom anna på bakgrunn av innspel frå styra.</p> <p>I brev av 24.8.2012 og 8.1.2013 ber statsråden om at nasjonalparkstyret så snart som mogleg etter at det er konstituert, om å gjere framlegg om lokalisering av forvaltningsknutepunkt og deretter sende framlegget til Miljøverndepartementet.</p> <p>Føresetnader som må ligge til grunn når knutepunkt skal etablerast er mellom anna at det kan utvikle seg eit godt fagmiljø, at det må ha ein eigna geografisk plassering i høve til verneområda og at det må ha eigna kontorfasilitetar. Departementet vil primært prioritere etablering av knutepunkt der ein kjem fram til lokal semje.</p> <p>Vurdering: Fylkesmannen vil ikkje legge fram forslag til vedtak om plassering av forvaltningsknutepunkt, sidan det er opp til styret å foreslå dette for Miljøverndepartementet.</p>